Formannskapet vedtek vidare at det i medhald av PBL § 12-8 vert starta opp detaljreguleringsarbeid for FV 654 med tilgrensande område på strekninga Kvithaugsmyrkrysset – Statoil.

Særutskrift:

Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

## Vedlegg

- 1 Planomtale prinsippskisse vegløysing for FV 654 på strekninga Flusundkrysset - Kvithaugsmyrkrysset og tilgrensande område, datert 08.12.2014.
- 2 Vegplanoversikt FV 654 Flusundkrysset - Kvithaugsmyrkrysset i M 1-2000, datert 04.12.2014.
- 3 Protokoll og saksutgreiing F-sak 167/13.

## Saksopplysningar:

### BAKGRUNN FOR OG FORMÅL MED PROSJEKTET

Eksisterande FV 654 har ei rekkje forbetningspotensiale når det gjeld trafikktrygging og trafikkavvikling. Avgjerda om at ny innfartsveg til Fosnavåg i stor grad skulle baserast på bruk av eksisterande fylkesveg og som innebar at strekninga frå Hjelmsetrundkøyringa og utover skal ta all trafikk til/frå Fosnavåg, har i høgste grad aktualisert desse utfordringane. Den ovannemnde problemstillinga gjeld for så vidt heile strekninga frå Flusundkrysset til sentrum, men prosjektet, slik det no har vore avgrensa og prioritert, gjeld strekninga: *Flusundkrysset – Kvithaugsmyrkrysset*. Samla lengde er på om lag 2,2 km.

Formålet med prosjektet har vore å avdekke moglege utbetringstiltak med sikte på seinare gjennomføring av reguleringsplanarbeid som grunnlag for å gjere strekninga tryggare å ferdast på for gåande, syklende og køyrande og som i tillegg betrar trafikkavviklinga. Tiltaket er gjeve prioritet 1 i den kommunale planprioriteringa.

Formannskapet behandla saka på eit førebunde stadium i møte den 01.10.2013 (F-sak 167/13) og gjorde her slikt vedtak:

***Formannskapet ber om at det vert iverksett førebuingar for oppstart av reguleringsplanarbeid for FV 654 på strekninga Kvithaugsmyrkrysset – Flusundkrysset med basis i dei utfordringar og prioriteringar som er skissert i utgreiinga frå rådmannen.***

### PLANSTATUS OG FORUTSETNINGAR FOR PLANARBEIDET

Det må innleiingsvis understrekast at det planarbeidet som no har vore gjennomført, ikkje har noko juridisk binding i medhald av plan- og bygningslova, men planen er meint å vere retningsgivande og å legge føringar for seinare utarbeiding av detaljreguleringsplanar for ulike deler av den aktuelle strekninga. Først når slike detaljplanar er behandla/godkjende vil arealbruken vere juridisk bindande.

I saksutgreiinga til F-sak 167/13 vart det gjort ei grundig vurdering av dei ulike utfordringane ein stod framfor i det foreståande planarbeidet. Eksisterande planar på den aktuelle strekninga var her viktig å vere merksam på og om mogleg ta omsyn til. Det vart dessutan gjennomført ei drøfting når det galdt vidareføringa av prosjektet med tanke på om ein reint reguleringsplanmessig skulle dele strekninga inn i 2 eller fleire planområde. Kort oppsummert vart følgjande sentrale element i vurderingsgrunnlaget lista opp:

- Legge til rette for skjerming mellom køyrande og gåande/syklande samt avkøyringsregulering på strekninga Kvithaugsmyrkrysset – Megakrysset.
- Legge til rette for gang-/sykkelveg eller fortau langs heile sørsida av fylkesvegen.
- Legge til rette for etablering av rundkøyring i Megakrysset.
- Vurdere behovet og mulegheitene for etablering av rundkøyringar alternativt avkøyrings-/forbikøyringsfiler også i tilknytning til andre eksisterande kryss på strekninga.
- Vurdere behovet og mulegheitene for standardheving (auka køyrebanebreidde) på dagens køyreveg.
- Vurdere plassering av og standard på eksisterande busslommer og fotgjengarovergangar samt behovet for evt. nye.

Når det gjeld sjølve planarbeidet så har ein her teke utgangspunkt i forventa framtidig trafikkbelastning (ÅDT) og dei ulike løysingane er elles basert på Statens Vegvesen sine handbøker for planlegging og dimensjonering av vegar. Avhengig av trafikkbelastning på hovudveg og sidevegar gir dette rimeleg klare forutsetningar for dimensjonering av vegen og dei ulike elementa knytta til vegen. Ein kan i denne samanheng oppsummere mellom anna følgjande moment:

- Vegbreidde (køyrebane, vegskulder, avstand køyreveg/GS-veg, m.v.)
- Kryss/avkøyrslar (rundkøyringar/T-kryss, kanaliserte kryss, avkøyrings- og forbikøyringslommer, stenging av kryss/etablering av nye kryss, m.v.)
- Busslommer (avstand mellom lommene, utforming, m.v.)
- Gangfelt/kryssingspunkt

Prinsippkissa byggjer i all hovudsak på vedteken ny arealdel av kommuneplanen når det gjeld arealbruk, nye gang-/sykkelvegar m.v. Nokre av dei foreslåtte tiltaka vil imidlertid få konsekvensar for arealbruken utanfor sjølve vegstrekninga som følgje av nye kryss med tilhøyrande endra vegløyser. For meir detaljert informasjon viser ein til prinsippkissa med tilhøyrande planomtale.

## **PLANPROSESSEN TIL NO**

Med basis i vedtaket i F-sak 167/13 har den vidare planprosessen fram til no vore gjennomført administrativt. AG Plan og Arkitektur har vore innleigd som konsulent og arbeidet har vore utført i nært samarbeid mellom kommunen og konsulenten. Ein har også hatt møte med Statens Vegvesen om saka, innleiingsvis for å drøfte rammer og forutsetningar for prosjektet og undervegs for drøfting av ulike løysingsforslag både på overordna og detaljert nivå. Med det plangrunnlaget som no ligg føre har ein dei naudsynte forutsetningar for ei politisk drøfting av saka med sikte på å stake ut kursen for prosessen vidare.

## **TILRÅDING/KONKLUSJON**

Målet med gjennomføringa av planprosjektet så langt har vore tosidig. For det første skulle det avdekke utfordringar og gi rammer for framtidige løysingar langs heile den aktuelle strekninga. Dette vil så i neste omgang kunne gi føringar for arealplanar langs/inntil vegen så vel som einskildsaker i området. På sett og vis kan ein vel seie

at det utarbeidde plangrunnlaget vil fungere som ei «føre var»- løysing for framtidige tiltak langs vegstrekninga.

Det andre og meir kortsiktige motivet har vore å gi fagleg grunnlag for oppstart av etappevise detaljreguleringsarbeid langs strekninga og med prioritering etter kvar behova er størst. Dette var også tema i F-sak 167/13, der ein konkluderte med at delstrekninga Kvithaugsmyrkrysset – Statoil hadde dei klart største behova for utbetringstiltak. Med den samla løysinga som «overordna fasit» vil ein på denne måten ha naudsynt tryggleik for at gjennomførte delreguleringar vil kunne inngå som del av ein framtidig heilskap.

Prinsippkissa for vegløyising for FV 654 på strekninga Flusundkrysset – Kvithaugsmyrkrysset vert med dette lagt fram for drøfting og med tilråding om at det utarbeidde plangrunnlaget skal gi rammer og føringar for seinare arealplanlegging på og langs vegen. Samstundes vert det reint konkret tilrådd at det i medhald av PBL § 12-8 vert starta opp detaljreguleringsarbeid for strekninga Kvithaugsmyrkrysset – Statoil samt naturleg og naudsynt tilhøyrande sideareal. Planarbeidet vil, som også tidlegare understreka, måtte gjennomførast i nært samarbeid med Statens Vegvesen.

#### **Konsekvensar for folkehelse:**

Sjølve planarbeidet vil ikkje ha nokon umiddelbar konsekvens for folkehelsa, men seinare gjennomføring av ulike tiltak med basis i planarbeidet vil heilt klart vere positivt både for miljø og trafikktryggleik.

#### **Konsekvensar for beredskap:**

For beredskapen vil det kunne gjerast tilsvarande vurderingar i høve til planarbeidet, men også her kan det understrekast at seinare standardhevingar på ein viktig hovudveg som dette heilt klart vil ha positiv innverknad på beredskapen.

#### **Konsekvensar for drift:**

Tiltaket er vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for drifta.

#### **Konsekvensar for økonomi:**

Forutan kostnader knytta til det alt gjennomførte og evt. foreståande planarbeidet vil ikkje tiltaket ha økonomiske konsekvensar for kommunen.

Fosnavåg, 16.12.20145

Olaus-Jon Kopperstad  
Konst. rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Herøy kommune


Utviklingsavdelinga

Rådhuset

6099 Fosnavåg

## C-plan (her prinsippskisse vegløyising) for fv-654 strekninga Flusundkrysset – Kvithaugsmyrkrysset og tilgrensande område

### Herøy kommune



Planområde; sjå piler

## AG Plan og Arkitektur AS

Oppdraget sitt namn: C-plan (her prinsippskisse vegløysing)  
for fv-654 strekninga Kvithaugsmyrkrysset  
- Flusundkrysset og tilgrensande område

Dokumentet sitt namn: Planomtale

Saksnr: 2196

Nasjonal arealplan-ID: ikkje relevant

Oppdragsgjevar: Herøy kommune

Oppdragsgjevar sin representant: Hallvard Rusten

AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: Kåre Gjengedal (sivilingeniør/planleggar)  
Medarbeidarar: Eldar Hansen (GIS-ingeniør)

	08.12.2014			kg	kg	
Revisjon nr.	Dato	Tall sider rapport (+ appendix)	Utarbeida	Kontrollert	Godkjent	

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

Oppdragsnr.	Dokumentnr	Filnavn
2196	1	P:prosjekt/2196_ 2196- Skisseprosjekt_vegplan_FV654/Prosjektmappe/Plandat a_/Tekstdokument/Planomtale.doc



## Innhald

1.	Samandrag .....	5
2.	Nøkkelopplysningar .....	6
3.	Bakgrunn .....	7
4.	Hovudprinsipp.....	8
4.1.	Fylkesveg 654 (fv 654).....	8
4.2.	Fylkesveg 17 (fv 17).....	8
4.3.	Kommunale vegar.....	8
5.	Fylkesvegane 654 og 17 – krav til utforming .....	8
5.1.	Tverrprofil.....	8
5.2.	Kommunale vegar.....	9
5.3.	Kryssløyisingar – med tilknytning til fv-ar .....	9
5.4.	Kryssløyisingar samleveggar og atkomstveggar .....	10
5.5.	Avkøyrslar – fv.....	10
5.6.	Løyisingar for gåande og syklande langs fv .....	10
5.7.	Kollektivanlegg .....	10
5.8.	Vegløys .....	11
5.9.	Dimensjonerande køyretøy og køyremåte.....	11
5.10.	Kryssutforming T-kryss .....	11
5.10.1	Trafikkøyr i sekundærveg .....	11
5.10.2	Venstresvingefelt - passeringsslomme .....	11
6.	Utfordringar og løyisingar i forhold til kommuneplanen .....	16
6.1.	FV654 sin funksjon .....	16
6.2.	Dagens arealbruk .....	16
6.3.	Fv654 sin framtidige standard .....	16
6.4.	Framtidig arealbruk.....	17
6.5.	Støy.....	17
6.5.	Universell utforming (UU) .....	17
6.6.	Dei enkelte delområda .....	17
6.6.1	Kvithaugsmyrkrysset – Statoil.....	17
6.6.2	Statoil - Hjelmesetrundkøyeringa .....	21

6.6.3 Hjelmsetrundkøyeringa - Flusundkrysset.....	21
7. Avsluttande kommentar.....	25

**Vedlegg:**

**Vedlegg A:** Plankarta C100, C101, C102, C103  
Standard tverrprofil fv-654

**Uprenta vedlegg:** Kommunen si «Retningslinje for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal».

## 1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein skisseplan for fv654 med tilgrensande område slik at denne kan ligge som grunnlag for seinare detaljregulering av vegar og areal som fastsett i kommuneplanen. Skisseplanen sitt føremål er å vere rettleiande for korleis dei ulike delområda skal knytast til overordna offentleg vegnett og kva vegstandard som gjeld for fv654.

Skisseplanen er ikkje juridisk bindande, men skal nyttast som styrande/rettleiande for dei prinsippa som skal byggast vidare på i detaljplan. Avvik kan gjerast, men då etter nøye vurdering av nødvendige avvik opp mot Statens vegvesenet sine handbøker (jf N100, N120, V121 mv) og kommunen si til ei kvar tid gjeldande «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal».

Fv654 har i dag ein døgntrafikk (ÅDT) på ca 6350, sameleies har fv17 ca 1220 ÅDT på strekninga mellom rundkøyringane. (Tal henta frå Nasjonal vegdatabank, NVDB). Som følgje av funksjon og trafikkmengder kjem desse vegane inn under vegklasse H1.

Areala langs fv654 er på den aktuelle vegstrekninga i kommuneplanen lagt ut til bustadføremål. I området frå noverande sjukeheimskryss er arealet vidare mot Kvithaugsmyra i stor grad knytt til offentlege funksjonar og forretning/kontor.

Planskissa legg opp til å etablere framtidig god flyt i trafikken på fylkesvegen frå Flusund til Fosnavåg. Sidan fv654 kjem inn under vegklasse H1 og vil ha ei framtidig trafikkmengd over ein døgntrafikk på 8 000, er det lagt vekt på å få til nødvendig sanering av private avkøyrslar og mindre kommunale atkomstvegar. Dette vil betre fylkesvegen sin funksjon og gjere vegen tryggare å bruke både for mjuke trafikantar og for køyrande.

Tiltakshavar er Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga. Hallvard Rusten er tiltakshavar sin sakshandsamar og faglege medspelar i arbeidet med saka. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som utførande. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i teiknearbeidet.

## 2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Myklebust –Fosnavåg Leinøy
Forslagstillar:	Herøy kommune
Eksisterande planstatus:	I kommuneplanen sin arealdel: eksisterande og planlagde bustader
Planområdet si utstrekning:	Fv654: Frå Kvithaugsmyrkrysset til Flusundkrysset.  Fv17: Frå rundkøyringa med Fv654 til krysset med Hjelmeset Småbåthamn.
Aktuelle problemstillingar:	Framtidig standard for fv654 og fv 17. Arealbehov, kryssløyisingar og bussholdeplassar. Bustader, veg (stigning, kurvatur, vegbreidde), arealbruk og kulturminne
Planen sin status:	Rettleiande for detaljregulering av fv 654, Fv17, busslommer, samleveggar i tilknytning til bustadområda, avkøyrslar til fv og tilgrensande areal.


### 3. Bakgrunn

I sak frå 2013 (Utvålssak 167/13) handsama Formannskapet sak om oppstart av planarbeid med sikte på å i verksetje førebuingar for oppstart av reguleringsplanarbeid for FV 654 på strekninga Kvithaugsmyrkrysset – Flusundkrysset med basis i dei utfordringar og prioriteringar som var skissert i utgreiinga frå rådmannen.

Som grunnlag for utarbeiding av reguleringsplanar er det no utarbeidd C-plan for Fv654 der prinsippa for vegstandard med busslommer, avkøyrslregulering og tilknytning av kommunale samleveggar og atkomstveggar er innarbeidd. C-planen er ein skisseplan og er meint å fungere som styrande/rettleiande i høve dei detaljløysingane som skal regulerast.

I saka til rådmannen er det vist til 3 delområde (planområde):

- Kvithaugsmyrkrysset – Statoil
- Statoil inkl. Sjukeheimskrysset – Hjelmesetrundkøyeringa
- Hjelmesetrundkøyeringa – Flusundkrysset.



*Aktuelle delområde for regulering.*

## 4. Hovudprinsipp

### 4.1. Fylkesveg 654 (fv 654)

Fylkesveg 654 er hovudvegen til Fosnavåg frå Myrvågkrysset via Fv61 frå Garneskrysset. Veggen er såleis svært sentral og det er avgjerande viktig at transportfunksjon, sikkerheit og miljø langs veggen er tilfredstillande både for trafikkantar og nærmiljø. Innan «planområdet har veggen ei trafikkmengd i dag (slik det er vist i nasjonal vegdatabank) lik ein døgntrafikk (ÅDT) på ca 6350. 9 % av trafikken er tungtrafikk. Det er på strekninga mellom Kvithaugsmyrkrysset og Flusundkrysset registrert 4 ulykkespunkt med «lette skade». Fv 654 kjem i hht statens vegvesen si handbok N100 Veg og gateutforming inn under vegklasse/-standard H1. Dette gjev køyrebanebreidd 3,25 meter, skuldrar i breidd 1,0 meter; samla køyrebanebreidd 8,5 meter. Handbok N100 set vidare krav til kryssutforming (jf også handbok V121), avstand mellom kryss, avkøyrsleregulering, avstand mellom busslommer og desse si utforming (jf også handbok V123) mv. Mjuka trafikkantar skal sikrast «helst med lokalt vegnett» eller ved gang-/sykkelveg.

### 4.2. Fylkesveg 17 (fv 17)

Fylkesveg 17 er hovudvegen til Mjølstadneset frå rundkøyringa på Hjelmeset. Veggen har ein døgntrafikk (ÅDT) på ca 1220. 10% av trafikken er tungtrafikk. Fv 17 kjem i hht statens vegvesen si handbok N100 Veg og gateutforming inn under vegklasse/-standard H1 i redusert standard. Dette gjev køyrebanebreidd 3,0 meter, skuldrar i breidd 0,75 meter; samla vegbreidd 7,5 meter. Viser elles til krav som vist til i pkt. 4.1

### 4.3. Kommunale vegar


Kommunen har i si ««Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal» fastsett krav til standard for kommunale samleveggar og kommunale atkomstveggar. Både for samlevegane og atkomstvegane er det gitt krav til vegstandard etter tal bueiningar som er knytt til veggen. For samleveggar er skilje 250 bueiningar og for atkomstveggar er skilje 50 bueiningar. Innan planskissa sitt planområde vil begge typene samleveg og atkomstveg vere aktuelle. Rettleiinga set vidare krav til vegane si utforming som kurvatur, stigning, sikt mv. For tilhøve som ikkje kjem fram der gjeld statens vegvesen sine handbøker. Med tal bueiningar over 250 skal mjuka trafikkantar sikrast med gang-/sykkelveg. For samleveg med mindre tal bueiningar skal det byggast gang-/sykkelveg om strekning inngår i samanhengande g/s-veg.

## 5. Fylkesvegane 654 og 17 – krav til utforming

### 5.1. Tverrprofil

Fv17 har trafikk ÅDT <4000 som døgntrafikk både no og som stipulert framtidig trafikk (1220x2x1,35= 3.300). Faktoren 2 er gitt grunna vidare utbygging av restareala på Mjølstadneset. Faktoren 1,35 er uttrykk for årleg generell trafikkvekt lik 1,5 % i 20 år (prognose år)

Fv654 har trafikk ÅDT 4000 – 12 000 som døgntrafikk både no og som stipulert framtidig trafikk ( $6350 \times 1,5 = 9.525$ ). Faktoren 1,5 er gitt grunna 2% årleg vekst i 20 år (prognose år).



Utsnitt frå handbok N100, statens vegvesen.

## 5.2. Kommunale vegar

Standarden på kommunale vegar (samlevegar og atkomstvegar) følgjer av kommunen sin vedtekne rettleiar. Som reine bustadvegar vil stipulert trafikk tal kunne reknast som 5 turar pr bueining. Med 50 bueiningar vert det då å rekne ein gjennomsnittleg døgntrafikk lik 250 ÅDT. Det er å merke at allereie i området ÅDT 500 bør ein vere merksam på moglege støyulemper ved bygging tett inn til vegen, jf også uteopphaldsareal.

## 5.3. Kryssløyisingar – med tilknytning til fv-ar

For tilknytning til H1 vegar kan kryss byggast som T-kryss, X-kryss eller rundkøyeringar.

For T- og X-kryss vert sett ein del strengare krav til geometriske parametarar enn for fri vegstrekning. I kryssområdet gjeld følgjande for primærvegen (her fv-en):

- horisontalkurveradius bør vere >225 m
- overhøgda bør ikkje overstige 6 %
- stigninga bør ikkje overstige 5 %
- minste avstanden mellom kryss bør vere 250 m

#### 5.4. Kryssløyisingar samleveggar og atkomstveggar

Den kommunale rettleiaren har ei rekkje krav til vegane sin standard for kryss på samleveg og på atkomstveg. Det er i tillegg å merke at på veggar med hastigheit 50 km/t bør avstanden mellom kryss ikkje vere under 50 m. Dette med bakgrunn i at vi med normal trafikkforståing treng 50 m for å kunne oppfatte trafikkbildet på forsvarleg vis.

#### 5.5. Avkøyrslar – fv

Veggar med ÅDT >8 000 bør vere avkøyrslarfriske. For veggar med ÅDT < 8 000 kan eit avgrensa tal avkøyrslar tillatast. Fv654 har i dag ÅDT < 8 000, men vil ha >8 000 i løpet av 11 år med 2 % årleg vekst (truleg forsiktig anslag). I arealplansamanheng er 11 år om lag som ein kommuneplanperiode og tiltak og omsyn må allereie takast for å oppnå forsvarleg standard.

#### 5.6. Løyisingar for gåande og syklande langs fv

Sikker og god framkomst sikrast gjennom lokalt vegnett eller ved bygging av gang-sykkelveg. Gang-/sykkelveg langs fylkesveg bør etablerast når:

- ÅDT er > 1000 og
- Potensialet for gåande og syklande er over 50 i døgnet, ev at strekninga er skuleveg.

Kryssing mellom gang-/sykkelvegar bør skje planskilt eller med signalregulering i plan for ÅDT >6 000. Vegvesenet har i drøftingar signalisert at bruk av signalregulering er lite ønskeleg for fv654.

#### 5.7. Kollektivanlegg

Haldeplass bør utførast som busslomme utan refuge. På hovudveggar med ÅDT < 4 000 kan kantstopp tillatast dersom haldeplass ikkje inngår i skulerute. I følgje svv si handbok V123 om kollektivtrafikk vert det i by- og forstadsområde rådt til ein avstand på mellom 500 – 800 meter mellom busstoppa om vegen er i «stram linje», jf også tabellen under. I planen har vi lagt til grunn slik avstand.

	Service linje	By- og forstads linjer/Region linjer	Langruter
Trafikant	Ivaretar et basistilbud for alle trafikanter	Ivaretar både basis og ekstratilbud	Trafikanter fra omlandet med fjertrafikk, innpendling mv
Transportmiddel	Består vanligvis av små vogner	Trafikeres både av normale vogner (12,4 – 15 meter) og større enheter (leddbusser)	Trafikeres av enheter inntil 15 meter
Linjebeskrivelse	Har en samle- og matefunksjon til andre linjer, legges i bolig- og byområder med hyppige stopp (300 – 500 meter)	Har et klart definert og tilrettelagt stamlinjenett som er mindre finmasket enn lokal- og service linjer. Avstand mellom holdeplass (400 – 800 m) er lengre av hensyn til framføringsfart	Har et klart definert og tilrettelagt linjenett. Stoppmønster er tilpasset trafikkgrunnlaget. I byområder som regel felles linjenett med bybusser



## 5.8. Veglys

Vegar skal ha veglys om trafikken er > ÅDT 1500.


## 5.9. Dimensjonerande køyretøy og køyremåte

Overordna vegar (fylkesvegar) skal dimensjonerast i samsvar med køyretype vogntog (VT). VT bør sikrast framkomst etter køyremåte A med unnatak for vegbreidder lik 6,5 m. Køyremåte A betyr at motgåande køyrebane ikkje skal nyttast til manøvreringsareal.

## 5.10. Kryssutforming T-kryss

### 5.10.1 Trafikkø i sekundærveg

Den nye handboka N100 definerer ikkje klart krava til kva tid venstresvingefelt må nyttast. I den gamle handboka 017 om veg – og gateutforming er det konkret vist kva tid venstresvingefelt skal nyttast. «Gammal praksis» er lagt til grunn i planskissa.



Figur 3.4: Trafikkø i sekundærveg basert på trafikken i dimensjonerende time

På figuren er lagt inn aktuelle trafikkmengder for sidevegane til fv654. Siktmålet med trafikkø er å gjere kryssinga enklare for gåande. Dimensjonerande timetrafikk på fv 654 er ca 1000. Som påførte tal (til venstre i figuren) viser, så vil vi med døgntrafikk lik ÅDT 200 kome i situasjon med behov for dråpe i sekundærveg.


### 5.10.2 Venstresvingefelt - passeringslomme

Venstresvingefelt er gunstig ut frå trafiksikkerheit, særleg i T-kryss.

### Behov for venstresvingefelt

Venstresvingefelt bør etableres i henhold til Figur 3.6.

Hi  
α



Figur 3.6: Kriterier for vurdering av eget venstresvingefelt basert på trafikken i dimensjonerende time

Grunnlaget for kravene i Figur 3.6 er basert på sannsynlighet for at venstresvingende trafikk blokkerer for trafikk som skal rett frem.


Passeringslomme kan benyttes som et alternativ til venstresvingefelt ved utbedringsstandard.

Med dimensjonerende trafikk på hovudvegen lik ca 1000 vil behovet for venstresvingefelt oppstå ved sideveg sin trafikk lik ÅDT 200. Det er elles å merke at forbikøyringslomme kan erstatte venstresvingefelt dersom det gjeld utbetring av veg, noko som er allereie er regulert inn på vegstrekinga.

### 5.11 Kryssutforming; rundkøyering

Figuren under viser den nødvendige breidda på sirkulasjonsarealet på rundkøyeringar etter dimensjonerende køyretøy. For fv654 er vogntog dimensjonerende. Rundkøyeringar sin storleik må også tilpassast tal vegarmar inn i rundkøyeringa og nødvendige tilknytingskurver.

I tillegg til «standard» rundkøyeringar kan nyttast «minirundkøyeringar» på underordna vegnett. Dette er rundkøyeringar der trafikkøya/sentraløya vert forma slik at den er overkøyrbar for tyngre køyretøy.




Figur E.12: Ulike kjøretøys krav til minste kjørefeltbredde i sirkulasjonsarealet

## 5.12 Fv 654 – krysstypar i planskisse

Trafikkmengder:

Ut frå tal bustadhus, offentlege og private føretak knytt til vegane er sidevegane til Fv654 stipulert slik:

- Kvithaugsmyrkrysset: trafikk > 1500
- Megakrysset (rundkøyning – trafikkøy alle armar)
- Sjukeheimskrysset (går ut)
- Vestre Hjelmetkryss
- Nytt kryss erstattar Sjukeheimskrysset >500
- Hjemesetrundkøyninga (rundkøyning, øy i alle armar)
- Austre Hjemesetkryss
- Nygjerdekrysset >500
- Flusundkrysset >500



Det er i dag etablert rundkøyring i krysset mellom fv654 og fv17 (Hjelmesetrundkøyringa). I området ved Mega er det i fleire høve drøfta ulike kryssløysingar, men konklusjonen har vore at det bør nyttast ei rundkøyring grunna dei mange vegarmane som skal knytast saman.

T-kryss:

I planskissa er det vist T-kryss i

#### Kvithaugsmyrkrysset:

Her er det vist trafikkøyr på sekundærveg slik at fotgjengarane er godt sikra. Plass til forbikøyringsfelt i hovudveg er der ikkje areal til.

#### Vestre Hjelmesetkryss:

Er vist som i gjeldande reguleringsplan. Hjelmesetvegen har ikkje trafikkøyr, men det er forbikøyringslomme på hovudvegen.

#### Sjukeheimskrysset:

er erstatta av nytt kryss på Hjelmeset. Det nye krysset har vegføring tilbake til Eggesbøvegen med rundkøyring.

«Nyekrysset» er vist med trafikkøyr i sekundærveg og med forbikøyringsfelt i hovudveg.

#### Austre Hjelmesetkryss:

Er vist som mogleg kryss for utkøyring. Her er det problematisk å oppretthalde krysset fullt ut då avstanden mellom kryssa vert for liten. Ved regulering av området bør det takast stilling til

om utkøyeringa også skal gå ut og då slik at tilknytninga mellom vegen og hovudveg berre gjeld gang-/sykkelveg.

Nygjerdekrysset:

Krysset er vist med trafikkøy i sekundærveg (Borgarhaugvegen) og med forbikøyringslomme på hovudveg. Der er ikkje plass til venstresvingfelt i kryssområdet.

Flusundkrysset:

Krysset er vist med trafikkøy i sekundærveg og med venstresvingefelt i samsvar med vedteken regulering.

Rundkøyering:

I planskissa er vist rundkøyering i kryssa

Megakrysset:

Her har ulike kryssløyisingar vore drøfta over lenger tid. I prinsippet er der 5 vegarmar/tilfartar som skal ha plass. Kommunen har kjøpt eigedomen 37/149 for ev å kunne nytte tomte til trafikkareal for å få til ei tenleg kryssløyising. Rundkøyeringa krev mykje plass, busslommene i området er tilpassa, men skissa viser ei løyising som er eit godt grunnlag for detaljplanlegging.

Hjelmesetrundkøyeringa:

Tilkomsten til nordleg del av Hjelmeset er løyst med ei eiga arm ut frå rundkøyeringa. Denne traseen var elles drøfta i samanheng med ev hovudveg retning Fosnavåg. Rundkøyeringa får etter dette fire vegtilknytningar/tilfartar.

Ny minirundkøyering på Eggesbøvegen:

Noverande Sjukeheimskryss er trafikkalt vanskeleg. Vegen har stor trafikk og det er knytt stor næringsverksemd til vegen. Krysset ligg rett overfor avkøyrsla til Statoil. Det er ikkje ønskjeleg å føre tungtrafikk frå Eggesbøneset inn i rundkøyeringa ved Mega. Slik vegen er lagt no vil den vere ei framtidiretta løyising frå Eggesbø via Breideneset til fv 654 på Hjelmeset.

## 6. Utfordringar og løysingar i forhold til kommuneplanen

### 6.1. FV654 sin funksjon

Fv654 er hovudvegen til Bergsøya og med vidareføring via fv20 til Nerlandsøya. Dette er den tettast utbygde delen av kommunen med omfattande busetnad, tenestefunksjonar og næringsliv. Fv17 er også knytt til fv654 i dette området. Fv654 er ein avgjerande faktor for at infrastruktursystemet skal kunne fungere. Veggen er klassifisert som hovudveg med framtidig trafikk i området 8-10.000 bilar i døgnet. Dette set krav til veggen si breidde, til kryss og til avkøyrlesituasjon. Som hovudregel skal veggen vere avkøyrlesfri og med kryssavstand minst 250 m. Veggen skal tene kollektivtrafikken på god måte både regionalt og lokalt.

I dag er det bygd ut gang-/sykkelveg langs nordre side av veggen.

For å oppretthalde veggen sin funksjon er det nødvendig at både utbygde areal og framtidige byggeareal vert knytte til veggen i hht dei funksjonskrava som følgjer av vegstandarden. Dette fører til kryss – og avkøyrsleregulering og til at kommunen ved utbygging av nye areal må syte for tilfredstillande «oppdydding» i trafikksystemet.

### 6.2. Dagens arealbruk

Langs fv654 (på aktuell strekning) er det i dag stor grad av bustadbebyggelse.


På Myklebust og Eggesbønes er det utbygd viktige sentrumsfunksjonar både i mengd og storleik. Forretningar som dekkjer dei fleste behov, bensinstasjon/verkstad, sjukeheim, brannstasjon, lagshus mv. er plassert langs/i område knytt til veggen. På Hjelmeset er fv17 gitt hovudtilknytning ned til Mjølstadneset – eit omfattande industriområde med plass til vesentleg meir utbygging. I området Eggesbøvågen er etablert omfattande næringsverksemd med stor til/frå trafikk.

### 6.3. Fv654 sin framtidige standard

I tilknytning til reguleringsarbeid langs Fv654 har standard som vist til i denne planskissa vore nytta. Dette gjeld t.d. regulering på gnr 37 bnr. 12 og 17 på Myklebust og planen for Indre Bergsøy, jf kryssutforming i tilknytingspunktta. Som del av veggen høyrer gang-/sykkelveg. På nordsida av fv-en er bygd g/s-veg. Kommuneplanen og gjeldande reguleringsplanar har bra store utbyggingsareal knytt til veggen. For å redusere mjuke trafikkantar si kryssing av veggen er det lagt opp til at fv-en også skal ha g/s-veg på sørsida. Samla vegbreidd inkl. g/s-veg og «anna trafikkareal» begge sider vert 26 – 27,5 meter.

Den grønne rabatten mellom køyreveg og g/s-veg vert nytta til busslommer. Lommene krev stor plass – frå innkøyring til utkøyring er det ei lengd på ca 70 meter. I tilknytning til busslommene er det vist gangfelt for kryssing av fv-en.

På skissa under er vist typisk snitt for veggen. Det er vist støyskjerming som illustrasjon. Det må påreknast at det langs heile veggen må etablerast støyskjerming på strekningar med støyfølsame bygg, som sjukeheim og bustader. Slik skjerming må inngå på dei enkelte byggeareala.



#### 6.4. Framtidig arealbruk

Kommuneplanen har ført vidare mulighetene for bustadbygging og næringsutvikling langs fv654 og i tilgrensande område. Ikkje minst har reguleringsplanen for Indre Bergsøy klarlagt store areal for utbygging. Ved siste revisjon av kommuneplanen vart areala på Nedre Berge redusert monaleg. Likevel vil summen av utbygging kring fv654 (som hovudveg) kunne auke vesentleg – her av også tilhøyrande auke i trafikkmengda.

Ei rekkje av vegane i områda kring fv-en i dag har standard som ikkje samsvarer med den standard kommunen krev med omsyn til trafikktryggleik, drift- og vedlikehaldsomsyn. Skal det kunne byggast meir innan byggeområda er det difor nødvendig med ei opp gradering av vegnettet og med kryss- og avkøyrsleregulering, så langt det let seg gjere innan funksjonskrava til vegstandard, jf også kommunen si «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal».

#### 6.5. Støy

Langs fv654 og fv17 er det bygd fleire støytiltak. Vi har i denne saka ikkje utført støyberekningar for å klargjere slike tiltak. Dette ser kommunen på som ei oppgåve som høyrer til dei enkelte delreguleringane som skal utarbeidast. Støy og støytiltak vert såleis å kome attende til.

#### 6.5. Universell utforming (UU)

Som for støy er ikkje universell utforming innarbeidd særskilt i denne planskissa. Vi har i samråd med vegkontoret konkludert med at kryssing av fv654 skal skje i plan og ikkje ved planfri kryssing. Vi legg til grunn at fysiske tiltak som følgjer av UU krav vert innarbeidd i reguleringsplan.

#### 6.6. Dei enkelte delområda

##### 6.6.1 Kvithaugsmyrkrysset – Statoil

##### Utfordringar:


Kvithaugsmyrkrysset har ei trafikkmengd som skulle tilseie at det vart etablert venstresvingefelt på fv-en. Tilgrensande eigedomar i sør har knapt med parkeringsareal og det vert i dag parkert langs fv-en og med direkte innkøyringar langs gata. Området frå krysset og sør til Megakrysset har viktige sentrumsfunksjonar og mykje gangtrafikk.

Busslommer er delvis etablert som separate løysingar, dels med stopp i gata. Utbygging i Myklebuståsen forsterkar trafikken i krysset.

Megakrysset treng «mange armar» for å gje tenleg tilkomst til alle funksjonar/vegar som høyrer til området. Krysset er eit knutepunkt og har vore ei utfordring i lenger tid – også i høve ei god løysing for kollektivtrafikken. Krysset framstår i dag som eit fire (4) arma kryss. I tillegg kjem varelevering til Coop som i dagens situasjon ligg tett inntil krysset. Utbygging av Eggesbøjordra og restareala rundt Coop vil auke trafikken.

Sjukeheimskrysset har ei form som i seg sjølv er problematisk og som vanskeleg kan endrast utan vesentlege inngrep i tilgrensande eigedomar. Sjukeheimsvegen vert nytta som transportveg til/frå næringsområda i området Eggesbøneset og brannstasjonen. Trafikken har stor del tungtrafikk. Krysset ligg elles rett overfor eine avkøyrsla inn til Statoil. Vidare utbygging på Eggesbønes vil medføre enno større belastning på Sjukeheimsvegen og dagens kryss-situasjon.

#### Løysingar:




#### Kvithaugsmyrkrysset

og tilgrensande ikkje utbygde areal er knapt. M.o.t mjuke trafikkantar er det lagt inn dråpe i krysset for å sikre dei gåande. Ned mot rundkøyringa er det fortau på begge sider av fv-en. Inn-/utkøyring til 37/130 må vere frå Kvithaugsmyrvegen. Inn-/utkøyring til 37/82 (YX-stasjonen) .


På fig. Under er avkøyrslar teikna inn (raud sirkel). Detaljert utforming av fortau (høgder i forhold til veg) vert å avklare i detaljreguleringsplan.





### Megakrysset


er løyst med rundkøyring. Dette har vore drøfta før i ulike samanhengar. Krysset må dekke 4 armar til regulerte vegar og tilkomsten for Coop mv. Som følgje av reguleringsplanen for Eggesbøjorda er det i området lagt grunnlag for vekst i sentrumstilbodet (handel/tenesteyting). Denne trafikken vi ta av frå Fv-en i dette krysområdet. Ein kommunal eigedom (37/149) er teken med som trafikkareal for å få til løysinga. Busslommene er lagt før og etter rundkøyringa med gangfelt for kryssande




trafikk. Vareleveringa til Coop er i dag på austre side av bygget. Køyremåten vert etter løysinga slik at vogntog køyrer inn langs bygget og ryggar seg bak til varemottaket (som i dag). Reguleringsplanen gjev moglegheit for ev flytting av varemottaket til vestre side av bygget.

### Sjukeheimskrysset

er flytta. Sett saman med utbygginga av Eggesbøjorda, vidare utbygging i Eggesbønesområdet, utnytting av arealet sett av til off. funksjonar rund brannstasjonen og for å redusere presset på trafikken rundt sjukeheim og handelsområdet Coop/Eggesbøjorda, så vert den nye tilkomstvegen viktig. Vegen løyser også tilkomsten for allereie utbygde areal ( jf også fortettingsareal) langs fv-en på trekninga mellom noverande sjukeheimskryss og fram til Hjelmsetrundkøyringa. Noverande sjøareal mellom vegtraseen og vegen bør vurderast på nytt m.o.t. utbygging. Sjukeheimsvegen opprettholdast som adkomstveg utan kryss med fv654.



Busslommer er vist med raud elipse.   
Forbikøyringslomme er vist med raud stipla elipse




## 6.6.2 Statoil - Hjelmesetrundkøyeringa

### Utfordringar:

Med flytting av sjukeheimskrysset er fleire trafikkale utfordringar løyst. På begge sider av fv-en er der utbygde bustadareal og ein del fortettingsareal. Strekinga må avkøyrsleregulerast og dei areala som er/kan utbyggast må knytast til fv-en og ny «Sjukeheimsveg». Hjelmesetrundkøyeringa må i større grad nyttast som tilkomstpunkt for Hjelmeset nord, jf tilknytningar for Hjelmesetvegen. I noverande tilknytingspunkt ved Demingane er det allereie regulert inn forbikøyringslomme.

### Løysingar:

Ny «Sjukeheimsveg», området Gjerde knytast til ny «Sjukeheimsveg». Kryss utformast med venstresvingefelt på fv-en og dråpe i sekunderveg (sjukeheimsvegen).



Hjelmesetrundkøyeringa får ny arm med tilkomst til Hjelmesetvegen.

Busslommer er vist med raud elipse



Forbikøyringslomme er vist med raud stipla elipse




## 6.6.3 Hjelmesetrundkøyeringa - Flusundkrysset

### Utfordringar:

På nordsida av fv-en er det etablert store buområde. Dette er utvida med areal som vist i reguleringsplanen for Indre Bergsøy. I tilknytning til denne reguleringa er krysset på Berge og krysset med Flusundvegen gitt tilfredstillande form. Det er også føreteke avkøyrlesanering i planen. På sørsida av fv-en er der også etablert mange bustadhus. I kommuneplanen er det gitt plass for langt fleire gjennom fortetting og ved nye byggeareal. Her vert sanering av avkøyrslar viktig og at buområda vert knytte til fv-en med eigna tilkomstvegar. Vegsystemet ved bedehuset bør endrast ved at busslommen vert flytt.

Løysingar:



*Busslommer er vist med raud elipse*




*Forbikøyringslomme er vist med raud stipla elipse*




### Hjelmeset sør:

Hovudtilkomst til buområdet er lagt til fv17 (Mjølstadnesvegen). Her er etablert støyskjerming langs vegen og det er i kommuneplanen vist nye bustadområde og




utviding av eks. naustområde. Ein naturleg trase for å løyse ut mest mogleg byggeareal, her i også naustareal, vil tilknytning som vist under kunne vere tenleg. Krysset vert liggande rett overfor avkøyrsla til Hjelmeset småbåthamn. Dette vil kunne ha ulemper, men trafikpotensialet frå hamna er ca 40 parkeringsplassar med variert bruk – mest langtidsparkering (dag, kveld, helg). Denne ulempa sett opp mot «punktering» av eit samanhengande støyvern langs fv17 vert, etter vår vurdering, underordna. Som trafikksystem vil vi også meine at god avstand mellom krysset og rundkøyringa, her ca 200 meter mot «ønska» ca 250 meter vil vere ein fordel.




Ei alternativ løysing som vist her vil kanskje gje meir direkte tilkomst til buområda, men avstanden til rundkøyringa vert berre 130 meter og det er eit noko stort avvik i forhold til ønska avstand mellom kryss på hovudveg. I tillegg vert støyvernet «punkttert».

### Nedre Berge:



I krysset mellom Bendalsvegen og fv654 er der i praksis eit fire-arma kryss i dag. Ut frå funksjonskrava burde vi her hatt venstresvingefelt på fv-en, men der er ikkje plass utan vesentlege inngrep i tilgrensande eigedomar. Vi har i staden lagt inn forbikøringslomme. Vegarna i sør er stengt og eigedomane knytast til «nyevegen» på Nedre Berge. Områda frå Monsholmen (ca) med Nedre Berge og Bergsneset vert knytt til fv654 med nytt kryss i området gnr. 29 bnr. 135.

Vegen forbi bedehuset – Nedre Berge vert endra til gang-/sykkelveg ved utbygging av bustadvegar i det nye bustadfeltet. Vegen som i dag går til Bergsneset vert oppretthalden, men knytast til det nye vegnettet på Nedre Berge etter kvart, jf svart pil. Biltrafikken frå desse områda vert såleis å knyte til «nyevegen». Busslomma ved bedehuset vert flytt vestover og då før avkøyrsla til bedehuset. Dette gjev vesentleg betre oversikt og sikrere trafikkavvikling.




## 7. Avsluttande kommentar

Planskissa skal legge grunnlag for vidare detaljregulering av fv654, fv17 og tilgrensande areal på strekninga frå Kvithaugsmyrkrysset til Flusundkrysset. Som grunnlag for vegstandard er handbok N100 frå statens vegvesen lagt til grunn. Vi viser elles til kommunen sin eigen «vegstandard» for kommunale vegar.


Ved delregulering av fv654 må ei rekkje detaljar fastsettast som det ikkje er naturleg å gå inn på i ein skisseplan. Vi viser her til detaljert kryssutforming horisontalt og vertikalt, detaljert plassering av avkøyrslar, universell utforming, sidevegane sin trase i høve ev. utfordringar med tilkomst til enkelte eigedomar m.v.

Siktemålet er at skisseplanen vert eit grunnlag for det vidare detaljplanlegginga med infrastruktur og arealutnytting.



Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar RIF

*Fagansvarleg areal-, infrastruktur- og  
samferdselsanlegg i AG ...*



Rev. 1	Roulo, Jørgen, Guld	Sign.	Barko
Tilpassnings		Godk. part	Barko
Herøy kommune			
Prosjekt nr. 196		Saksbehandl. K. Jørgensen	
<b>A6 Plan og Arkitektur AS</b>			
Prosjekt	Prosjekt nr. 2196	Sign.	Barko
Veipplan		Edm.	04.12.2014
OVERSIKT		Saksbehandl.	
		Prosj. nr.	
		Adresser	
		12000 1400	
		2196-C100	
		Rev.	





HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/1086
		Arkiv:	L12

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
167/13	Formannskapet	01.10.2013

### **FV 654 KVITHAUGSMYRKRYSET - FLUSUNDKRYSET. PLANUTFORDRINGAR/OPPSTART AV PLANARBEID.**

#### **Tilråding:**

Formannskapet ber om at det vert iverksett førebuingar for oppstart av reguleringsplanarbeid for FV 654 på strekninga Kvithaugsmyrkryset – Flusundkryset med basis i dei utfordringar og prioriteringar som er skissert i utgreiinga frå rådmannen.

#### **Møtebehandling:**

Leiar for utviklingsavdelinga Jarl-Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Formannskapet - 01.10.2013**

Formannskapet ber om at det vert iverksett førebuingar for oppstart av reguleringsplanarbeid for FV 654 på strekninga Kvithaugsmyrkryset – Flusundkryset med basis i dei utfordringar og prioriteringar som er skissert i utgreiinga frå rådmannen.

Særutskrift:

Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

**Vedlegg:**

FV 654 Kvithaugsmyrkrysset – Flusundkrysset, oversikt over viktige kryss og rundkøyeringar.

FV 654 Kvithaugsmyrkrysset – Flusundkrysset, forslag til inndeling i planområde.

**Saksopplysningar:****BAKGRUNN FOR OG FORMÅL MED PROSJEKTET**

Eksisterande FV 654 har ei rekkje forbetningspotensiale når det gjeld trafikktrygging og trafikkavvikling. Avgjerda om at arbeidet med reguleringsplanen for ny innfartsveg til Fosnavåg i stor grad skulle baserast på bruk av denne vegen, noko som inneber at strekninga frå Hjelmesetrundkøyeringa og utover skal ta all trafikk mot Fosnavåg, har i høgste grad aktualisert desse utfordringane. Dette gjeld for så vidt heile strekninga frå Flusundkrysset til sentrum, men prosjektet, slik det no er avgrensa og prioritert, gjeld strekninga: *Kryss mot Vikane (Kvithaugsmyrkrysset) – Flusundkrysset*. Samla lengde er på om lag 2,2 km.

Formålet med prosjektet er såleis å avdekke moglege utbetringstiltak med sikte på gjennomføre reguleringsplanarbeid som grunnlag for å gjere strekninga tryggare å ferdast på for gåande, syklende og køyrande og som i tillegg betrar trafikkavviklinga. Tiltaket er gjeve prioritet 1 i den kommunale planprioriteringa.

**DAGENS STATUS**

Den aktuelle delen av FV 654 har ei køyrebanebreidde på om lag 2,90 meter og med svært smale og til dels svake vegskuldrar. På einskilde strekningar er skulder nærast fråværande. Det er bygt gang- og sykkelveg på nordsida av fylkesvegen på heile strekninga og denne er også vidareført mot Fosnavåg og mot Frøystad/Røyra i andre retninga.

Store deler av strekninga har ein ÅDT på godt over 7000 bilar (på strekninga Nygjerdekrysset – Flusundkrysset noko lavare) og trafikken er jamnt aukande.

I tilknytning til konsekvensutgreiinga for ny innfartsveg vart det utarbeidd støysonekart for dei ulike alternativa, her under alternativ 0 (bruk av eksisterande veg), på strekninga frå Hjelmesetrundkøyeringa og utover.

Tilsvarande vart det gjort støyutrekningar i tilknytning til arbeidet med reguleringsplanen for Hjelmeset 3 på strekninga frå Hjelmesetrundkøyeringa mot Nygjerdekrysset. Utrekningane viste at store deler av randbebyggelsen er støyutsett utover tilrådde verdjar.

For strekninga Nygjerdekrysset – Flusundkrysset er det ikkje gjort tilsvarande utrekningar, men ein forutset også her at den næraste randbebyggelsen er utsett for støy utover det akseptable.

På Hjelmeset er det etablert rundkøyering med arm mot Mjølstadneset. Øvrige tilknytningar består av T-kryss og 4-arma kryss av varierende kvalitet. Dei mest trafikkerte kryssa utanom Hjelmesetrundkøyeringa er:

- Kvithaugsmyrkrysset
- Megakrysset
- Sjukeheimskrysset
- Nygjerdekrysset
- Flusundkrysset

Av andre viktige og ein del trafikkerte kryss kan nemnast:

- Begge kryssa ved Statoil/Fosnavåg bilverksted
- Begge kryssa med Hjelmesetvegen

I tillegg til dette har også strekninga ein del mindre trafikkerte offentlege og private tilknytningar.

Det er oppmerka og skilta kryssingspunkt på følgjande stader:

- Ved Mega
- På Dæmingane
- Vest for Hjelmesetrundkøyninga
- Ved Nygjerdekrysset

Busslommer er etablert på følgjande stader:

- Ved Megakrysset (1-sidig stor lomme)
- På Dæmingane (2-sidig)
- Ved Gjerdet, bustadfeltet Hjelmeset (2-sidig)
- Ved austre Hjelmesetkrysset (2-sidig)
- Ved Nygjerdekrysset (2-sidig)
- Ved kryss med veg til Elsebø (1-sidig)
- Ved Flusundkrysset (2-sidig)

## **EKSISTERANDE PLANAR PÅ STREKNINGA**

Både kommuneplanen og ei rekkje reguleringsplanar inneheld ikkje utbygde element som vil vere av betydning for trafikksituasjonen. I gjennomgangen nedanfor vil planar som ikkje inneheld slike element, ikkje verte kommentert med mindre det er andre forhold som kan vere av interesse i den komande planprosessen.

### **Kommuneplanen**

Etter gjeldande kommuneplan var det forutsett ny arm på Hjelmesetrundkøyninga med tanke på framføring av ny innfartsveg til Fosnavåg. Med vedtaket som inneber at eksisterande veg fortsatt skal fungere som innfartsveg, er dette tiltaket pr. dato ikkje lenger aktuelt. Ut over dette viser kommuneplanen gang- og sykkelveg på sørsida av fylkesvegen mellom Hjelmesetrundkøyninga og Nygjerdekrysset og om lag 300 meter i motsatt retning frå rundkøyninga.

### **Reg.plan Joakim-marka**

Planen ligg utanfor prosjektområdet, men det bør nemnast at den viser fortau langs vestsida av FV 654 frå Eurospar til Kvithaugsmyrkrysset (der prosjektområdet startar i vest).

### **Reg.plan Eggesbønes/sjuka- og aldersheimsområdet**

Planen viser gang- og sykkelveg langs sørsida av FV 654 i om lag 150 meters lengde austover frå sjukeheimskrysset.

### **Reg.plan bustadfelt gnr. 37 bnr. 12 og 17 m.fl.**

Planen viser forbikeyringslomme sør for FV 654, rett overfor det vestre Hjelmesetkrysset.

### **Reg.plan Hjelmeset 2**

Planen inneheld ei kort strekning (i planområdet si breidde) med gang- og sykkelveg på sørsida av FV 654.

### **Reg.plan Hjelmeset**

Planen inneheld eigentleg ingen element av direkte interesse for det foreståande prosjektarbeidet, men det bør nemnast at ein opparbeidd bustadveg i området (Gjerdet) kanskje vil kunne inngå som del av eit samanhengande gang- og sykkelvegsamband på sørsida av FV 654.

### **Reg.plan Hjelmeset 3**

Planen viser gang- og sykkelveg langs sørsida av FV 654 samt kryssingspunkt aust for Hjelmesetrundkøyringa og over Mjølstadnesvegen sør for rundkøyringa.

### **Reg.plan gang- og sykkelveg Hjelmeset**

Planen viser gang- og sykkelveg på sørsida av FV 654 på ei kort strekning mellom reguleringsplanområda til Hjelmeset 3 og Verket.

### **Reg.plan Verket**

Planen viser gang- og sykkelveg på sørsida av FV 654 på ei kort strekning på begge sider av tilknytingspunktet mot bustadfeltet (rett overfor Nygjerdekrysset).

Ser ein samla på reguleringsplanane Hjelmeset 3, Gang- og sykkelveg Hjelmeset og Verket inneber det at det ligg føre godkjende planar for ein samanhengande gang- og sykkelveg på sørsida av FV 654 mellom Hjelmesetrundkøyringa og Nygjerdekrysset.

### **Reg.plan Indre Bergsøy (forslag)**

Planen, som ikkje er godkjend, viser ei utbetring av Flusundkrysset ved at det er lagt til rette for ei avkøyringsfil for trafikk frå Fosnavåg mot Flusund.

## **Vurdering og konklusjon:**

### **UTFORDRINGAR/AVGRENSING I PLANOMRÅDE**

#### **Utfordringar**

Den største utfordringa har ein heilt klart frå Kvithaugsmyrkrysset til og med Megakrysset. Her foregår avkøyringa frå/tilkøyringa til fylkesvegen over ei lengre strekning utan skjerming og trafikkforholda inkl. Megakrysset er uoversiktlege. Sistnemnde kryss bør etablerast som rundkøyring.

Både ved ovannemnde kryss og ved Sjukeheimskrysset og Nygjerdekrysset er det tidvis problem med trafikkavviklinga. Dette gjeld både innkøyringa på fylkesvegen

og bilar som ventar i og stenger vegbanen for avkøyring frå fylkesvegen. I det foreståande reguleringsplanarbeidet må det såleis gjerast ei vurdering av samtlege kryss med tanke på behovet for etablering av rundkøyringar, avkøyrings- og forbikøyringsfiler.

Planen bør vidare legge til rette for samanhengande gang-/sykkelveg og/eller fortau langs heile sørsida av fylkesvegen. Dette med bakgrunn i den busetjinga som alt er etablert og ikkje minst med tanke på foreståande planarbeid for vidare utvikling langs denne sida av vegen. I denne samanheng må det også gjerast ei vurdering om standarden på køyrevegen skal betrast gjennom auka køyrebanebreidde.

Til orientering kan her nemnast at eksisterande veg over Buholmen har ei køyrebanebreidde på vel 3 meter og med breide og gode vegskuldrar medan tilrådd køyrebanebreidde for del av ny innfartsveg mot Campus Fosnavåg er på 3,25 meter og med 0,25 meter skulder på kvar side. For trafikkantane vil nok vegbreidda på strekninga Kvithaugsmyrkrysset – Flusundkrysset kunne opplevast som bortimot 1 meter smalare enn dei eksempla det er vist til ovanfor. Når ein dessutan veit at storbilparken har auka både i antal og storleik dei seinare år så er dette ei problemstilling som det må takast stilling til.

Dagens plassering av busslommer og behovet for nye busslommeetableringar må også inngå som ein del av planvurderingane. Tilsvarande gjeld oppmerka kryssingspunkt for fotgjengarar. Ny og aukande busetnad på sørsida av vegen har i høgste grad også aktualisert dette.

Reguleringsplanarbeidet for den aktuelle strekninga vil sjølvstøtt omfatta ei rekkje detaljar og problemstillingar ut over det som her er peika på. Ein kan i denne samanheng til dømes berre nemne trafikkstøyprobatikken, men dette er krav som vert stilt i tilknytning til all reguleringsplanlegging og treng ikkje særskilt påpeikast i denne fasen av arbeidet. Med ovannemnde vurderingar har ein imidlertid meint å setje fokus på ein del sentrale element som er viktig å ha med i vurderingsgrunnlaget i denne konkrete saka. Kort oppsummert kan dette listast opp som følgjer:

- Legge til rette for skjerming mellom køyrande og gåande/syklende samt avkøyringsregulering på strekninga Kvithaugsmyrkrysset – Megakrysset.
- Legge til rette for gang-/sykkelveg eller fortau lang heile sørsida av fylkesvegen.
- Legge til rette for etablering av rundkøyring i Megakrysset.
- Vurdere behovet og mulegheitene for etablering av rundkøyringar alternativt avkøyrings-/forbikøyringsfiler også i tilknytning til andre eksisterande kryss på strekninga.
- Vurdere behovet og mulegheitene for standardheving (auka køyrebanebreidde) på dagens køyreveg.
- Vurdere plassering av og standard på eksisterande busslommer og fotgjengarkryssingar samt behovet for evt. nye.

### **Avgrensing i eitt eller fleire planområde**

Når det gjeld spørsmålet om ein skal operere med eitt planområde for heile strekninga eller ein skal dele den inn i 2 eller fleire planområde er det fleire moment som spelar inn. Eitt planområde vil naturleg nok gi den beste samanhengen i arbeidet og best grunnlag for å vurdere dei ulike elementa samla.

På den andre sida har ein vel erfaring for at lengda på planprosessane gjerne aukar med storleiken på planområdet og med det omfanget av problemstillingar innanfor området.

